



# NOREGS HØGSTERETT

Den 20. november 2009 sa Høgsterett dom i

**HR-2009-02190-A, (sak nr. 2009/657), sivil sak, anke over dom,**

Svein Tore Samdal

(advokat Tone Lillestøl – til prøve)

mot

Staten v/Skatt Midt-Norge

(Regjeringsadvokaten  
v/advokat Anne Cathrine Haug)

## R Ø Y S T I N G :

- (1) Dommar **Utgård:** Saka gjeld spørsmål om rett til frådrag etter skattelova § 6-1 eller § 6-2 for tap som oppsto ved at investering utanom verksemd gjekk tapt grunna svindel.
- (2) Svein Tore Samdal gjorde i november 2003 avtale med det spanske selskapet Hisao-Kuo Inversiones Espana SL (HK Espana) om rett til å kjøpe to leilegheiter i eit framtidig leilegheitskompleks kalla "Reserva de Miraflores" i Manilva i Spania.
- (3) Marknadsføringa av leilegheitene skjedde gjennom Hisao-Kuno Inversiones Norway AS (HK Norway), som var eit dotterselskap av HK Espana. Majoritetseigar i HK Espana var ein britisk statsborgar, Maz Kahn. Han hadde tidlegare stått bak eit investeringsprosjekt i Noreg som gjaldt kjøp av edelt metall og samlemynt frå USA. Marknadsføringa av leilegheitene var dels retta mot personar som tidlegare hadde investert i dette prosjektet, og som kunne nytte si investering i mynt til å betale forskot på leilegheitene, mot å svare eit reservasjonsgebyr på 6 000 euro per leilegheit. Dels knytte HK Norway seg til medarbeidarar, mellom desse to tidlegare toppidrettsutøvarar, som fekk i oppgåve å selje gjennom nettverka sine. Endeleg vart det halde salsmøte, som vart annonserte i avisene.

- (4) Samdal fekk kjennskap til prosjektet gjennom ein kjenning. Før han skreiv avtale hadde han kontakt med den eine av dei to omtala toppidrettsutøvarane, som han kjende frå før. Samdal hadde ikkje investert i myntprosjektet.
- (5) Ved underskriving av dokument med nemninga "Reservation document" datert 11. november 2003 reservert Samdal to leilegheiter i komplekset mot å forplikte seg til å betale 6 000 euro for kvar leilegheit. Deretter vart det gjort ein ny avtale, kalla "Deposit Receipt", underskriven av HK Espana 4. desember 2003 og av Samdal 6. januar 2004, som gjekk ut på at Samdal erverva nærare omhandla rettar til desse leilegheitene mot innbetaling av eit forskot på 15 prosent av kjøpesummen, som utgjorde 96 000 euro. Samdal betalte 27. november 2003 i alt 108 000 euro, svarande til 889 031 kroner, til HK Espana.
- (6) Det er uomtvista at Samdal ikkje hadde som siktemål å kjøpe nokon av leilegheitene. Hans intensjon var å sikre seg rettane med sikte på vidareasal med forteneste på eit seinare tidspunkt.
- (7) Det vart ikkje verksett bygging av "Reserva de Miraflores". HK Espana vart 26. september 2005 teke under konkursbehandling i Spania. Bustyrar har opplyst at bankkontoane då var avslutta og tomme, dei tilsette hadde slutta og rekneskapane var borte. Dagleg leiar var ikkje å finne, men det hadde stått i avisene at han var fengsla i Dubai grunna eit anna eigeomsprosjekt. Det har ikkje vore råd å finne ut kva som har skjedd med pengane som var betalte inn til selskapa sine bankkontoar.
- (8) Også det norske selskapet HK Norway vart slått konkurs. Det skjedde 28. april 2004. I rapport frå bustyrar av 12. januar 2005 til Økokrim om strafflagde tilhøve blir det konkludert med at det synest som om Kahn står bak ein omfattande svindel av norske investorar, og at han har gjort seg skuldig i underslag og grovt bedrageri.
- (9) Forskota som var betalte inn til HK Espana, var ikkje sette inn på særskilt, sperra konto. Bortsett frå ei tilbakebetaling på 7 971 kroner, er pengane som Samdal hadde betalt inn til HK Espana, tapte.
- (10) Partane er einige om at Samdal har vore utsett for svindel og med det påført eit tap på 881 060 kroner. I sjølvmeldinga for 2005 førte Samdal dette beløpet til frådrag ved likninga. Etter at dette først var godteke, vart frådraget av likningskontoret 11. juli 2007 tilbakeført som urettkome ved likninga for 2005. Konsekvensen var at framføring av underskot til likninga for 2006 heller ikkje vart godteke.
- (11) Samdal reiste sak ved Trondheim tingrett med påstand om at likningane for 2005 og 2006 skulle kjennast ugyldige. Tingretten sa 20. mai 2008 dom med slik domsslutning:

**"1 Ligningen av Svein Tore Samdal for 2005 og 2006 oppheves. Det foretas ny ligning hvor det legges til grunn at det skal gis fradrag for kr 881 060,00 i 2005 med rett til framføring av underskudd i 2006.**

**2 Staten v/Skatt Midt Norge dømmes til å betale Svein Tore Samdal sakens omkostninger med kr 116 175,00 – kronerettthundreogsekstentusenettthundredeogsyttifem – innen 14 – fjorten – dager fra dommens forkynnelse med tillegg av forsinkelsesrente fastsatt i**

**medhold av forsinkelsesrenteloven § 3 første ledd første punktum fra forfall og til betaling skjer.”**

- (12) Tingretten bygde på at Samdal hadde rett til frådrag etter skattelova § 6-1 og gjekk ikkje inn på tilhøvet til § 6-2.
- (13) Staten v/Skatt Midt-Norge anka til Frostating lagmannsrett, som 2. februar 2009 sa dom med slik domsslutning:
- ”1. Staten v/Skatt Midt-Norge frifinnes.**
- 2. Sakskostnader tilkjennes ikke.”**
- (14) Svein Tore Samdal har anka til Høgsterett. Anken gjeld bevisvurdering og rettsbruk. Som nytt for Høgsterett er framlagt ei fråsegn frå den spanske bustyraren for HK Espana og dessutan nokre andre dokument. Staten har som ny synsmåte gjort gjeldande at Samdal manglar frådragsrett fordi det er tale om ei munnleg fordring, jf. skattelova § 9-3 første ledd bokstav c, jf. § 9-4. Bortsett frå det som gjeld den nye synsmåten, står saka i same stilling for Høgsterett som for dei tidlegare rettane.
- (15) Ankeparten, *Svein Tore Samdal*, har særleg halde fram:
- (16) Prinsipalt blir det kravd frådrag etter skattelova § 6-2 første ledd. Det er semje om at det ligg føre eit tap, at det har skjedd realisasjon og at dette har skjedd utanom verksemd. Tvistesporaålet er om det låg føre eit formuesobjekt då Samdal inngjekk avtalane. Det er ikkje omtvista at Samdal er svindla, men det er ikkje grunnlag for å seie at svindelen skjedde allereie på tidspunktet då han gjorde avtalane. Og når svindelen først fann stad etter investeringa, inneber dette at det på avtaletidspunktet låg føre eit formuesobjekt. Ikkje berre var det då eit formuesobjekt for Samdal, men det var også eit formuesobjekt hos HK Espana. Dette kan byggjast på ein gjennomgang av ulike dokument og fråsegnar, som viser at det låg føre planar og også avtalar som HK på det tidspunktet ikkje hadde mishalde.
- (17) Til den nye synsmåten om at dette er ei munnleg fordring, kan det visast til at dei to avtalane mellom HK Espana og Samdal gir Samdal rettar ut over ei pengefordring.
- (18) Subsidiært blir det gjort gjeldande at det er frådragsrett etter skattelova § 6-1 ettersom det var pådrege ein kostnad for å kunne få ei skattepliktig inntekt. Det er avgjerande kva som objektivt sett var føremålet, men det er ikkje noko krav om at handlinga objektivt sett må vere eigna til å skaffe ei skattepliktig inntekt. Når skattepliktig inntekt var føremålet, er tilknytingskravet oppfylt. Det var utvist tilstrekkeleg aktsemd slik det følgjer av Rt. 2007 side 1822 avsnitt 50. Såleis var det gjort relevante undersøkingar av prosjektet, og det var handla lojalt i høve til skattelovgivinga.
- (19) Svein Tore Samdal har sett fram slik påstand:
- ”1. Trondheim tingretts dom stadfestes.**
- 2. Svein Tore Samdal tilkjennes sakens omkostninger for tingrett og lagmannsrett og Høyesterett.”**
- (20) Ankemotparten, *staten v/Skatt Midt-Norge*, har særleg halde fram:

- (21) Kravet om frådrag etter skattelova § 6-2 kan ikkje føre fram. Ut frå bevisa i saka må det leggjast til grunn at det låg føre svindel alt frå først av. HK Espana tok ikkje på noko tidspunkt sikte på å gjennomføre prosjektet, men heile opplegget var sett i verk for å føre investorane bak lyset. Det låg dermed ikkje føre noko formuesobjekt verken hos HK Espana eller hos Samdal.
- (22) Som ny synsmåte for Høgsterett blir det gjort gjeldande at innbetalinga frå Samdal må sjåast på som eit usikra lån, altså ei kredittytting. Det ville då ikkje vere skatteplikt for inntekta, jf. skattelova § 9-3 første ledd bokstav c, og ut frå det heller ingen frådragsrett, jf. skattelova § 9-4.
- (23) Heller ikkje krav om frådrag etter skattelova § 6-1 kan føre fram. For slikt frådrag er det eit tilknytingskrav som inneber at investeringa objektivt vurdert må vere eigna til å gi skattepliktig inntekt. Og der det har skjedd svindel, er ei investering aldri eigna til å gi inntekt. Sjølv om retten skulle kome til at svindelen hadde skjedd etter kontraktsinngåinga, var det reelt sett ikkje noko potensial for inntekter i prosjektet. Tidspunktet for svindelen hadde såleis ikkje noko å seie. Under alle omstende ville frådrag berre kunne givast til ein som hadde oppfylt rimelege krav til aktsemd, og det var ikkje tilfelle her.
- (24) Staten v/Skatt Midt-Norge har sett fram slik påstand:
- ” 1. Anken forkastes.
2. Staten v/Skatt Midt-Norge tilkjennes omkostninger for alle instanser.”
- (25) *Eg er komen til at anken fører fram, og at Samdal med grunnlag i skattelova § 6-1 har rett til frådrag for utgiftene til erverv av rettar til kjøp av leilegheiter i Spania.*
- (26) Som det har gått fram av det eg tidlegare har sagt, gjorde Samdal rundt årsskiftet 2003–2004 avtalar med HK Espana om reservasjon og om nærare omhandla rett til å kjøpe to leilegheiter i leilegheitskomplekset ”Reserva de Miraflores” i Manilva i Spania. Han betalte i samsvar med kontraktane i alt 108 000 euro til HK Espana. Samdal gjekk inn i kontraktane for seinare å kunne selje desse. Han hadde såleis ikkje som føremål å kjøpe leilegheiter i prosjektet. Ervervet skjedde utanom verksemd.
- (27) Dommen i Rt. 2007 side 1822 (DSC) er sentral for mine vurderingar. Når eg omtalar dommen, viser eg til votumet frå førstvoterande, som fekk tilslutning frå tre av dei andre dommarane. Eit konsultentselskap i offshorebransjen (DSC) hadde gjort avtale gjennom to utanlandske meklarfirma om kjøp av aksjar og også betalt for aksjane, men mottok dei aldri. Det var på det reine at DSC var utsett for svindel, og at pengane var tapte.
- (28) Staten gjorde gjeldande at tapet måtte karakteriserast som eit tap på fordring. Om dette heiter det i dommen avsnitt 42:
- ”Årsaken til tapet var at DSC ikke fikk noen motytelse i form av aksjer fra meglerfirmaene, og at selskapets egen ytelse – forhåndsbetalingen – dermed gikk tapt. Etter mitt syn er det ikke treffende å karakterisere dette tapet som et tap på fordring, slik staten gjør. At det som følge av mislighold, uredelighet eller bedragersk opptreden fra en kontraktsparts side, senere oppstår en fordring på tilbakebetaling eller erstatning, medfører ikke at selve tapet naturlig kan karakteriseres som et tap på

**fordring. En fordring vil normalt være en følge av tapet, men utgjør ikke selve tapet. I denne saken er det selskapets penger – forhåndsbetalingen – som gikk tapt. At meglerne sannsynligvis aldri hadde til hensikt å overføre aksjene, kan etter mitt syn ikke føre til noen annen synsmåte.”**

(29) Eg er einig i dette, og meiner at det som her er sagt, er tilstrekkeleg grunngeving til at det heller ikkje er tale om tap på fordring i vår sak. Samdal hadde såleis visse – om enn litt uklart definerte – rettar etter avtalen. Ut frå det siterte vil det her heller ikkje ha noko å seie om svindelen av Samdal skjedde ved avtaleinngåinga eller om han skjedde seinare. Eg treng etter dette ikkje gå inn på spørsmålet om det er heimel for frådrag for tap på fordring utanfor verksemd.

(30) Staten gjorde i DSC-saka vidare gjeldande at føretaket hadde lide eit formuestap, og at skattelova § 6-1 då ikkje gir heimel for frådrag når tapet er lide utanfor verksemd. Høgsterett kom til at det er heimel for frådrag etter § 6-1 også utanfor verksemd. Om dette heiter det i avsnitt 44:

**”Jeg kan ikke se at ordlyden i § 6-1 og § 6-2 sett i sammenheng, taler for en slik fortolkning. Bestemmelsen i § 6-2 annet ledd er formulert som en generell adgang til frådrag for tap. Det er åpenbart at en slik regel må begrenses til virksomhetstilfellene - utenfor virksomhet måtte man ha stilt opp et krav om tilknytning. Avgrensningen kan derfor ikke tas som uttrykk for at fradragsrett utenfor virksomhet skal være avskåret også der hjemmel for slikt frådrag finnes i andre bestemmelser. Det er en flytende overgang mellom ”kostnad” og ”tap”, og jeg kan ikke se reelle grunner som tilsier at fradragsrett for tap skal være avskåret etter § 6-1, når vilkårene først er oppfylt. De kontrollproblemene som staten mener vil følge i kjølvannet av en slik lovforståelse, gjør seg ikke gjeldende med spesiell styrke innenfor dette området.”**

(31) Spørsmålet om skattelova § 6-1 etter omstenda kjem til bruk, er ikkje omtvista i vår sak. Når eg likevel viser til avgjerda også på dette punktet, er det fordi DSC-saka – slik det går fram av referatet frå partane sine synsmåtar – nettopp i hovudsak gjaldt om det var tale om ei fordring og om § 6-1 gir heimel for frådrag utanfor verksemd. Dommen innebar på desse punkta viktige avklaringar av rettstilstanden, ikkje minst når det gjaldt bruk av skattelova § 6-1 utanom næring.

(32) Det er ikkje omtvista i vår sak at det låg føre ein kostnad. Derimot er det spørsmål om det var tilknytning mellom denne kostnaden og inntekter. Etter skattelova § 6-1 er det berre frådrag for kostnader som er pådregne for å erverve, vedlikehalde eller sikre skattepliktig inntekt, jf. her skattelova § 5-1.

(33) I DSC-dommen er det i første del av avsnitt 50 merknader til dette:

**”I denne saken – hvor oppofrelsen består i et påført tap – kan det umiddelbare formål med oppofrelsen ikke sies å være inntektsverv. Hensikten var tvert om at forhåndsbetalingen skulle oppveies av en motytelse i form av aksjer, som skulle gi utbytte, og først ved et senere salg oppofres for å fremskaffe gevinst. Når dette ikke lot seg gjennomføre, er det etter mitt syn naturlig å se oppofrelsen i en noe større sammenheng. Selskapets formål med forsøket på aksjeerverv var å oppnå en skattepliktig inntekt, og denne kunne ikke oppnås uten at det skjedde en utbetaling fra selskapets side. Som lagmannsretten påpeker, er det ikke til hinder for frådrag at kostnaden rent faktisk ikke leder til inntekt. Jeg legger i den forbindelse vekt på at forsøket på aksjeerverv var kommet langt. DSC hadde oppfylt sin del av avtalen og utbetalt vederlag for aksjene.”**

- (34) I vår sak må det også vere på det reine at det – som utgangspunkt – låg føre nødvendig tilknytning. Samdal hadde investert i rettar i prosjektet med tanke på vidareasal og den avkastinga han meinte å kunne få ved dette. Som tingretten skriv, tilseier dei objektive kjensgjerningane rundt investeringa at det var Samdal sin intensjon å skape inntekt.
- (35) Staten har gjort gjeldande at det er eit vilkår for frådragsrett at kostnadene objektivt sett var eigna til å gi skattyteren inntekter. Sidan det var tale om eit svindelføretak, kunne det ikkje gi inntekter.
- (36) Den sentrale dommen om kravet til at ein kostnad skal vere objektivt eigna, er Rt. 1981 side 256 (Bjerke Pedersen), der det heiter:

**”Heller ikke kan jeg anse utgiftsfradrag utelukkende med den begrunnelse at utgiften ikke var egnet til å realisere formålet. Jeg vil ikke utelukke at en utgift med sikte på å oppnå fremtidige inntekter kan være så uegnet for formålet at den allerede av denne grunn ikke kan aksepteres som utgift til inntektens ervervelse. Men når det – som i denne sak – er uomtvistet at skattyterens formål med utgiften har vært å fremme erverv av inntekt, kan det etter min oppfatning bare i rene unntakstilfelle bli tale om å nekte fradrag fordi utgiften objektivt sett ikke var formålstjenlig. En vurdering av utgiftens egnethet må under enhver omstendighet ta utgangspunkt i situasjonen da utgiften ble pådradd.”**

- (37) Det følgjer av dommen at det ikkje kan setjast opp noko generelt vilkår om at ei investering må vere objektivt eigna til å gi inntekter. Med den kunnskapen som ein ofte kan ha i ettertid, vil det då også ofte kunne seiast at det er opplagt at ei investering objektivt sett ikkje var eigna til å gi inntekter. Ikkje berre er det slik at utviklinga kan ta ei anna retning enn det investoren tenkte seg, men det kan også vise seg at vurderingane har svikta. Dette er då ikkje avgjerande. For det første er det berre ”i rene unntakstilfelle” at det kan bli tale om å nekte frådrag fordi kostnaden – investeringa – ikkje var føremålstenleg. Domstolane skal ikkje sensurere forretningsskjønnet til den som gjennomfører ei investering eller tek på seg ein kostnad. Og for det andre må det ved vurderinga takast utgangspunkt i situasjonen slik denne var på investeringstidspunktet.
- (38) Dommen gjaldt eit tilfelle av krav om frådrag i verksemd. Ei grensedraging som då ofte vil vere aktuell, er grensa mot oppofringar som ikkje tek sikte på å gi inntekter. Eg viser til framstillingar i teorien. I Avskrivninger, 1984, side 352-355 uttaler Gjems-Onstad at det er ”den skattepliktiges formål, ikke utgiftens egnethet” som skal vurderast, og at det ut frå Bjerke Pedersen dommen ikkje kan ”tillegges vekt at et objekt er uegnet til å fremme ervervet så lenge hensynet til virksomheten fremstår som det eneste motiv for anskaffelsen”. I Zimmer, Lærebok i skatterett, 2005, på side 189-190, er det uttala at ”krav til objektiv egnethet normalt ikke kan stilles som et generelt vilkår”, men at ”kostnadens egnethet kommer mer sentralt inn i bildet” der det er tvil om kostnaden er inntektsrelatert. I Aarbakke, Skatt på inntekt, 1990, på side 244-245, er det gitt uttrykk for det same, men samtidig er det peika på at dette gjeld der det ikkje kan leggjast til grunn at skattyteren har eit anna føremål, og at vurderingane er vanskelege der kostnadene kan tene fleire føremål.
- (39) Eg går ikkje nærare inn på dette, men viser til at mange av dei dommane som har vore trekte fram i saka, såleis Rt. 1956 side 1188, Rt. 1965 side 954, Rt. 1985 side 319 og Rt. 2008 side 794, nettopp gjeld grensedragingar ut frå kva føremålet med investeringane eller kostnadene har vore. Her kan det også leggjast til at avsnitt 47 i DSC-dommen

synest å vise til at tap utanfor verksemd oftast vil vere av privat karakter og som ikkje vil knyte seg til skattepliktige inntekter.

- (40) Som før omtala gjeld frådragsregelen i § 6-1 ikkje berre i, men også utanfor næring. Når det først er løysinga, har eg utan vidare lagt til grunn at kravet til at noko skal vera objektivt eigna, må vera det same i begge situasjonane.
- (41) DSC-dommen gjaldt som eg før har vore inne på, i hovudsak andre spørsmål enn kravet til at ei investering skal vere objektivt eigna til å gi inntekt. Men det er eit par setningar i dommen om dette som det er grunn til å kommentere. Eg har alt sitert det meste av avsnitt 50, og tek no med litt meir:
- ”Jeg legger også vekt på at det tilsynelatende dreide seg om et seriøst utenlandsk meglerfirma. Bankforbindelsen til DSC – Sparebanken Rogaland – kontrollerte de aktuelle meglerfirmaene for DSC, uten at det fremkom noe som ga DSC grunn til å avstå fra de planlagte aksjekjøpene.”**
- (42) Det er litt uklart kva som er grunnen til at dette spørsmålet er teke opp. Spørsmålet synest ut frå referata av partssynsmåtane ikkje å ha vore sentralt i saka. Det kan ut frå samanhengen med det som er sagt om kontrollomsynet i avsnitt 44, sjå ut til at det her er tale om meir ei faktisk konstatering enn innhaldet i ein rettsregel. For min del oppfattar eg då heller ikkje dommen slik at han innebar noka endring i det som følgjer av Bjerke Pedersendommen. Sjølv om DSC-dommen gjaldt eit tilfelle av svindel, kan dommen ikkje innebere at unntaket i Bjerke Pedersendommen har noko anna innhald i saker der skattyteren har vore råka av svindel enn det har i andre saker. Det unntaket som er lagt til grunn i Bjerke Pedersendommen, må såleis også gjelde i desse sakene.
- (43) Det kan naturlegvis spørjast om frådrag etter skattelova § 6-1 inneber særlege vanskar når det gjeld disposisjonar utanfor næring. Men etter mitt syn er det her tale om bevisspørsmål som til vanleg neppe er vanskelegare utanfor verksemd enn i. Variasjonane frå sak til sak vil også kunne vere svært store, og eg ser i alle fall ikkje noko behov for å gå nærare inn på dette no.
- (44) Samdal investerte 108 000 euro for å skaffe seg rettar i eit utbyggingsprosjekt i Spania med tanke på seinare å kunne selje desse rettane med fortенeste. Han undersøkte ut frå kva han meinte å vere relevant, både med tanke på at han nytta 108 000 euro til investeringa, og med tanke på at han skulle få verdistigning og dermed fortенeste på investeringa. Om vurderingane var dårlege eller gode, var viktig for om han skulle få tap eller vinst. Og ikkje i noko tilfelle kunne han vite dette før i ettertid. Investeringa er med andre ord av ein art som mange har gjort, både i vårt land og i utlandet, og som ofte har gitt vinst og som tidvis har gitt tap. Og som eg har sagt tidlegare, skal skattestyresmaktene ikkje sensurere forretningsskjønnet.
- (45) Etter mitt syn må det vere klart at investeringa til Samdal ikkje skjedde i ein så spesiell situasjon at tapet kan nektast frådrege, når dette skal vurderast ut frå om det fell innanfor dei reine unntakstilfella, jf. Bjerke Pedersendommen.
- (46) Eg er såleis komen til at Samdal har krav på frådrag etter skattelova § 6-1, og at likningane for 2005 og 2006 må opphevast. Ved ny likning må det leggjast til grunn at det skal givast frådrag for 881 060 i 2005 med rett til framføring av underskot til 2006.

- (47) Eg treng etter dette ikkje gå inn på spørsmålet om frådagsrett etter skattelova § 6-2.
- (48) Anken har ført fram. Ut frå resultatet må sakskostnadsavgjerda hos tingretten bli ståande, og Samdal bør også tilkjennast sakskostnader for lagmannsretten, jf. tvistelova § 20-2 første ledd. Sakskostnadskravet for tingretten utgjer 116 175 kroner. Av dette er 67 500 kroner salær og resten utlegg. For lagmannsretten er kravet 92 812 kroner, som gjeld salær og merverdiavgift. Krava bør godtakast. Samdal har hatt fri sakførsel for Høgsterett.
- (49) Eg røystar etter dette for slik

## D O M :

1. Likning av Svein Tore Samdal for 2005 og 2006 blir oppheva. Ved ny likning må det leggjast til grunn at det skal givast frådrag for 881 060 – åttehundreogåttientusenogseksti – kroner i 2005 med rett til framføring av underskot til 2006.
2. I sakskostnader for tingretten og lagmannsretten betaler staten v/Skatt Midt-Norge til Svein Tore Samdal 208 987 – tohundreogåttetusennihundreogåttisju – kroner innan 2 – to – veker frå forkynninga av denne dommen.

- (50) Dommer **Øie:** Jeg er i det vesentlige og i resultatet enig med førstvoterende.
- (51) Dommer **Webster:** Likeså.
- (52) Dommer **Bårdsen:** Likeså.
- (53) Dommer **Tjomsland:** Likeså.
- (54) Etter røystinga sa Høgsterett slik

## D O M :

1. Likning av Svein Tore Samdal for 2005 og 2006 blir oppheva. Ved ny likning må det leggjast til grunn at det skal givast frådrag for 881 060 – åttehundreogåttientusenogseksti – kroner i 2005 med rett til framføring av underskot til 2006.
2. I sakskostnader for tingretten og lagmannsretten betaler staten v/Skatt Midt-Norge til Svein Tore Samdal 208 987 – tohundreogåttetusennihundreogåttisju – kroner innan 2 – to – veker frå forkynninga av denne dommen.

Rett utskrift: